

# SANDNES SKULE EIN HEILSKAPLEG PLAN FOR EIT GODT LÆRINGSMiljø

---



Vedteke i SMU 01.12.14

## **Innhald**

Føreord .....	2
VISJON: .....	3
Skule og heim, -saman for glade, dyktige og spreke elevar! .....	3
DEL A: PEDAGOGISK PLATFORM SANDNES SKULE .....	4
Elevsyn .....	4
Lærings- og kunnskapssyn .....	4
Pedagogisk personale .....	5
Klasseleiing .....	6
Foreldrerolla .....	7
Elevrolla .....	8
Del B: PLAN FOR SOSIAL KOMPETANSE .....	9
DEL C. HANDLINGPLAN FOR Å AVDEKKE OG HANDTERE MOBBING.....	14
Definisjon av mobbing .....	14
Avdekking av mobbing .....	15
Tiltak ved mobbing .....	16
Etterarbeid etter ei mobbesak .....	17
Del D: ORDENSREGLAR .....	18
FORSKRIFT OM ORDENSREGLAR FOR SKULANE I MASFJORDEN .....	18

## Føreord

«Heilskapleg plan for Godt Læringsmiljø» er Sandnes skule sitt plandokument som viser korleis skulen arbeidar for å oppfylla krava i Opplæringslova § 9a.

Målet er å få ein heilskapleg plan som viser korleis partane i skulen skal arbeide og samarbeide om å byggje opp eit stabilt og trygt læringsmiljø. Samstundes må me ha ein tiltaksplan som tydeleg viser kva me skal gjere for å førebyggje, avdekke, handtere og stoppe negativ åtferd.

Forsking viser at ein av dei viktigaste faktorane for å førebyggje mobbing, er å utvikle eit godt læringsmiljø med mellom anna vekt på god klasseleiing.

Heile personalet ved Sandnes skule har vore involverte i utarbeiding av planen. Han har vore handsama etter føresegnene om saksgang for slike planar, og har vore til høyring og er vedteken i skudemiljøutvalet 01.12.14

Planen vert gjort kjend for elevar, foreldre og tilsette ved oppstart av nytt skuleår.

Rullering og revisjon av planen: Planen skal evaluerast ved avslutninga av skuleåret. Det er Skudemiljøutvalet som gjer vedtak om endringar.

Sandnes skule 02.12.14

Dina Dyrhovden  
rektor

## VISJON:

### **Skule og heim, -saman for glade, dyktige og spreke elevar!**

Med dette forstår me at:

Det er eit så godt, tett og forpliktande **samarbeid mellom heim og skule**, at elevane opplever at dei vaksne står skulder ved skulder i arbeidet for deira faglege og sosiale utvikling.

#### **Glade elevar som**

- gler seg til å reisa på skulen
- opplever meistring
- kjenner seg trygge i eit positivt og inkluderande skolemiljø

#### **Dyktige elevar som**

- veit kva dei kan,
- veit kva dei skal læra
- veit korleis dei kan læra meir
- har kunnskap og kompetanse, både fagleg og sosialt
- får brukt potensialet sitt
- har gode læringsresultat

#### **Spreke elevar som**

- har god psykisk og fysisk helse
- brukar kroppen sin i leik og aktivitet, åleine og saman med elevar og tilsette  
er aktive ute i naturen og i eit stimulerande utemiljø

## **DEL A: PEDAGOGISK PLATFORM SANDNES SKULE**

### **Elevsyn**

På Sandnes skule er elevane:

- i sentrum
- unike og ulike
- likeverdige
- interesserte i å læra

Elevane:

- blir sett og verdsett
- opplever tryggleik og glede i trygge rammer
- tek eigne val
- er aktive og undrar seg
- får utfordringar og opplever mestring
- får og tek ansvar
- høyrer til i eit fellesskap

### **Lærings- og kunnskapssyn**

Læring skjer **i og med** eleven

Kunnskap er dugleik, fakta og forsking

Kunnskap er danning, kritisk tenking, analytiske evner og refleksjon

Kunnskap er kompetanse til å arbeide saman med andre mot felles mål, evne til demokratisk og solidarisk deltaking

Kunnskap er evna til å stadig ta til seg og ta i bruk ny kunnskap gjennom å møte og meistre utfordringar heile livet

## Pedagogisk personale

På Sandnes skule er den vaksne:

- fagleg dyktig, engasjert og har god relasjonskompetanse
- ein god formidlar og rettleiar
- ein tydeleg leiar
- reflekterande og i stand til å vurdere og fornye eigen og skulen sin praksis
- villig til å tilegne seg og ta i bruk ny kunnskap og varierte arbeidsmåtar for å fremje læring

Lærarar, fagarbeidar / assistent:

- ser og investerer tid i den einskilde elev
- har felles ansvar for alle elevane. Det er våre elevar.
- har høge forventningar til elevane både fagleg og sosialt
- har evne til samarbeid og sjølvstende
- yter til eit stimulerande, humørfylt og triveleg miljø
- kjenner til og er lojal mot skulen sin visjon, verdiar, vedtak og mål
- får høve til å bygge opp sin kompetanse i eit utviklande arbeidsfellesskap
- gjer elevane medvitne korleis dei lærer best
- gjev foreldre reelt høve til å påverke sine barn sitt læringsarbeid, fagleg og sosialt

## Klasseleiing

- **Presis og tydeleg oppstart**

Kriterier og kjenneteikn:

1.time:

Helsar God morgen. Plan for dagen.

Alle timar:

Lærar er på plass i klasserommet når timen byrjar.

Lærar og assistent står framme i rommet.

Lærar og elevar helsar på kvarandre.

Lærar har med seg naudsynt utstyr.

- **Tydeleg struktur og system på arbeidet i klassen.**

Kriterier og kjenneteikn:

Lærar er godt førebudd

Mål for timen

Presentasjon av lærestoff – utprøving av lærestoff – oppsummering og rydding/lufting.

Arbeidsro.

Det er vaksne til stades i alle aktivitetar.

Til vanleg går elevar på toalettet og hentar drikke i friminuttet.

- **Støttande relasjoner**

Kriterier og kjenneteikn:

Møter eleven med eit smil, brukar namnet, helsar.

Den vaksne kommuniserer (ord, blikk, anerkjenning) med alle elevar i klassen i løpet av timen om fag og evt interessefelt.

## **Foreldrerolla**

Foreldra har hovudansvar for oppsedinga av barnet og samarbeider med skulen for at barnet skal få best mogleg utbyte av opplæringa (Opplæringslova § 1-1 og §11-4).

Dei føresette

- gjev skulen naudsnyt informasjon om barnet og om tilhøve heime som har innverknad på eleven sin skulekvardag
- tek opp ting etter kvart
- tek ansvar for at barnet kjem førebudd og utkvilt til skulen med nok søvn, mat og høvelege klede
- er orienterte om den faglege og sosiale utviklinga til barnet
- er kjend med eleven sin arbeidsplan og støttar eleven med heimearbeidet
- deltek aktivt på utviklingssamtalar og klasseforeldremøter
- er kjend med regelverket som gjeld for skulen og medverkar til at barnet respekterer dette
- omtalar skulen og dei tilsette på ein positiv måte
- omtalar andre elevar og foreldre på ein positiv måte

## **Elevrolla**

På ein 1-10-skule vil det vere ulike forventningar og krav til elevane. Krav, oppgåver og ansvar aukar med alder og mogning. (jfr Plan for sosial kompetanse og Ordensreglar)

### **Eleven**

- er aktiv i læringsarbeidet, gjer heimearbeidet og skularbeidet som er avtala
- er førebudd, møter presis og har med seg naudsynt utstyr
- medverkar til utarbeiding av klasseregler
- rettar seg etter ordensreglar og klasseregler
- rettar seg etter beskjedar frå lærar eller annan vaksen person på skulen
- held orden på arbeidsplassen sin og i fellesområder
- har ansvar for eit positivt læringsmiljø som er fritt for plaging, erting og mobbing
- er imøtekommende ovafor medelevar og vaksne

## **Del B: PLAN FOR SOSIAL KOMPETANSE**

### **1.1. Definisjon av sosial kompetanse**

Sosial kompetanse kan delast inn i desse underkategoriane:

- Empati – evna til å kunne setje seg inn i andre sin situasjon og vise medkjensle
- Samarbeid
- ansvar
- Sjølvkontroll
- Sjølvheving
- Respekt

Planen viser til kva me forventar av elevane på dei ulike hovudstega innan kvart av desse områda, og kva tiltak og rutinar skulen har for å nå desse måla.

### **2. Mål, tiltak og ansvar innan dei ulike hovudområda som utgjer sosial kompetanse**

Kontaktlærar syter for at det kvar planperiode står sosiale mål på planen i tillegg til dei faglege måla. Når planperioden er over, skal kontaktlærar ha ein klasseamtale om måla, i tillegg til at kvar einskild elev får høve til å vurdere seg sjølv. I løpet av eit skuleår må skal alle dei seks hovudområda vere dekka. I og med at dette er eit fast og forpliktande tiltak, er det ikkje oppført under kvart av hovudpunkta her.

#### **2.1. Empati**

Års-trinn	Mål	Tiltak og ansvar for dei tilsette	Ansvar for eleven sjølv
<b>1.-4. kl.</b>	Elevar som kan *setje ord på eigne kjensler *lytte til andre elevar *gi ros til andre elevar *gi trøyst til dei som er lei seg *ta imot ros og omsorg *godta at alle er ulike	*Vere ein observant og tydeleg voksen i klasserommet og i uteområdet *Prøve å gå inn i forkant av konfliktar *Vere raus med ros *Bruke Zippy`s venner og følgje opp metodikken *Ikkje tolerere stygg språkbruk og kalling av andre og ha meldingsrutinar heim	*Vere ein god venn etter reglane dei lærer i Zippy`s venner *Følgje klassereglane
<b>5.-7. kl.</b>	Som over, og i tillegg: *respektere andre sine synspunkt og opplevingar *seie unnskyld og ordne oppatt dersom ein har såra nokon *uttrykkje og vise medkjensle og omsorg for andre	*Fadderordning med faste rammer og god organisering (1.-7. kl.) *Ha faste klassemøte om miljøet i klassen *Variere grupper og par ofte	*Som over
<b>8.-10. kl.</b>	Som over, og i tillegg: *Gi uttrykk for forståing og empati i høve til menneske som opplever krig, svolt og andre ekstreme livsvilkår og kan vise til årsakssamanhang *Delta i praktisk solidaritetsarbeid	*MOT,- bruke pedagogikken og terminologien bevisst i skulesamanhang *Delta i OD	*Som over, i tillegg: -vere gode føredøme for yngre elevar i høve språkbruk og åtferd

#### **2.2. Samarbeidsevne**

<b>Års-trinn</b>	<b>Mål</b>	<b>Tiltak og ansvar for dei tilsette</b>	<b>Ansvar for eleven sjølv</b>
<b>1.-4. kl.</b>	Elevar som kan *sitje saman med alle i klassen *få andre med i leik ute og inne *kan løyse oppgåver saman med både eldre og yngre elevar	*Variere par og grupper ofte *»Tidleg tiltak» - samarbeid med barnehagen *Zippy`s venner *Gi ros og merksemrd til elevar som er flinke å samarbeide	*Late alle vere med i leiken og hjelpe dei som står utanfor til å kome inn i leiken *Følgje klassereglane
<b>5.-7. kl.</b>	Som over, i tillegg *kan samarbeide med ulike personar *kan delta i diskusjonar og syne respekt for andre sine meiningar	*Gi varierte samarbeidsoppgåver i faga *Variere par og grupper ofte *Ha faglege og sosiale opplegg på tvers av klassane: fjelltur, turneringar, midttimeaktivitetar *Treffa dei andre skulane i kommunen	*Ved gruppearbeid: dele ansvar og oppgåver *i friminutt: inkludere alle i fellesaktivitetar *oppsøkje og snakke med dei som går for seg sjølv
<b>8.-10. kl.</b>	Elevar som *av seg sjølv tar initiativ til å løyse oppgåver i samarbeid med andre *kan samarbeide aktivt med lag og organisasjonar	Som over, i tillegg: MOT	*Som over

### 2.3. Ansvar

Års-trinn	Mål	Tiltak og ansvar for dei tilsette	Ansvar for eleven sjølv
1.-4. kl.	<p>Elevar som med hjelp frå vaksne klarer å</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>*ta ansvar for skulesekk, ytterkle, bøker og skriveutstyr</li> <li>*utføre ryddeoppgåver i klassen</li> <li>*hente mjølk og frukt</li> <li>*ta ansvar for arbeidsro i klassen</li> <li>*kome inn til time når det ringjer</li> <li>*elevar som seier ifrå til vakta om ein ser nokon vert plaga</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>*Utformregode rutinar og reglar for opphold i klasserom og gangar</li> <li>*Leggje opp til ein god progresjon i høve til ansvarsoppgåver</li> <li>*late konkrete ansvarsoppgåver gå på omgang mellom elevar og grupper av elevar</li> <li>*Bruke Zippy`s venner i samarbeid med helsesøster</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>*Følgje klassereglane</li> <li>*Seie frå til ein vaksen dersom ein opplever noko vondt eller ser at andre gjer det</li> </ul>
5.-7. kl.	<p>Elevar som på eiga hand klarer å</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>*ta ansvar for skulesekk, ytterkle, bøker og skriveutstyr</li> <li>*utføre ryddeoppgåver i klassen og uteområdet</li> <li>*ta ansvar for arbeidsro i klassen</li> <li>*ta ansvar for skulearbeidet ved å arbeide jamt med leksene</li> <li>*ta ansvar for å be om hjelp når ein ikkje forstår</li> <li>*kome til time når det ringjer</li> <li>*tillitsvalde i klassen som representerer klassen i elevråd og samarbeidsforsa</li> <li>*ta medansvar for å stoppe plaging/erting og gi melding til vakta/ andre vaksne</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>*Ta elevane med på utforme klassereglar, gjere desse kjende for alle og følgje dei opp</li> <li>*Gi elevane ansvar for midt-timeaktivitetar og andre miljøskapande tiltak på skulen og i nærmiljøet</li> <li>*Fadderordning 6. kl.</li> <li>*</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>*Ta ansvar for at skulearbeidet er gjort til rett tid</li> <li>-utstyret er med</li> <li>-klasserommet er ryddig</li> <li>-uteområdet er ryddig</li> <li>*Delta i Miljøpatrulje</li> <li>*Arrangere midttimeaktivitetar og ha ansvar for vakt og orden på desse</li> <li>*Vere gode føredøme for yngre elevar</li> <li>*Seie frå om urett eller uønska handlingar ein ser eller opplever sjølv</li> </ul>
8.-10. kl.	Som 5.-7. kl., i tillegg: <ul style="list-style-type: none"> <li>*ta sjølvstendig ansvar for skulearbeidet ved å <ul style="list-style-type: none"> <li>-arbeide jamt med leksene</li> <li>-levere skriftlege oppgåver innan fastsett tid</li> </ul> </li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>*Spesielt for rektor og elevrådskontakt:</li> <li>-sørgje for at elevrådet har interessante og viktige saker å arbeide med</li> <li>*MOT</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>*Som over, i tillegg</li> <li>-hugse på at som tillitsvald har ein eit særskilt ansvar for å vere eit godt føredøme for andre</li> </ul>

## 2.4. Sjølvkontroll

Års-trinn	Mål	Tiltak og ansvar for dei tilsette	Ansvar for eleven sjølv
1.-4. kl.	Elevar som klarer å *stille fint opp i korridoren *vente på tur *bruke innestemme *rekke opp handa *følgje klassereglane *be om hjelp frå vaksne heller enn å ta igjen dersom nokon slår, sparkar eller liknande	*for kontaktlærar: -utarbeide klassereglar og gjere desse kjende blant dei andre vaksne og foreldra -gå gjennom og forklare skulen sine ordensreglar *For alle vaksne: bli samde om korleis reglane skal handhevast og praktisere dette på ein konsekvent måte	*Følgje klassereglane *Ikkje leggje skulda på andre viss ein sjølv misser kontrollen *Kunne seie unnskyld når ein har gjort noko mot ein annan
5.-7. kl.	Som over, i tillegg *uttrykkje sinne og frustrasjon med ord *ikkje «ta igjen med same mynt» verken fysisk eller verbalt dersom nokon går til åtak på ein sjølv, men heller seie frå/ hente hjelp *drikke / gå på do i friminutta og ikkje i timane	*Som over	*Som over, i tillegg: *Seie ifrå viss nokon ikkje klarer å ha sjølvkontroll og det går ut over andre
8.-10. kl.	Som over, i tillegg: I konfliktsituasjonar: Klare å skilje sak og person	*MOT	*Som over

## 2.5 Sjølvhevding

Års-trinn	Mål	Tiltak og ansvar for dei tilsette	Ansvar for eleven sjølv
1.-4. kl.	Elevar som kan *ta ordet i samlingsstunda *seie nokon positivt om seg sjølv og arbeidet sitt *kome med eigne meningar	*Lytte til alle *Gi merksem til alle *Framheve ulikskapar som nokon positivt *Byggje bevisst på elevane sine sterke sider og spesielle interesser, og skape arenaer der dei kan få brukt desse: -konsertar -utstillingar -sceneoppsettingar -turneringar -besök på sjukeheimen og i barnehagen -samarbeid med kulturskulen	* Ta imot ros og positive tilbake-meldingar på ein god måte *gi positive tilbakemeldingar og ros til andre *Ikkje omtale seg sjølv og eige arbeid på ein negativ måte
5.-7. kl.	Elevar som kan *ta sakleg del i ein diskusjon *hevde eigne meningar på ein positiv måte *seie nokon positivt om seg sjølv og arbeidet sitt *seie ifrå om ein vert såra	*Som over	*Som over, i tillegg: *følgje eiga overtyding i staden for gruppa si mening
8.-10. kl.	Som over, i tillegg: *hevde seg sjølv på ein positiv måte som ikkje går på bekostning av andre	*Som over *MOT	*Som over

## 2.6 Respekt

Års-trinn	Mål	Tiltak og ansvar for dei tilsette	Ansvar for eleven sjølv
1.-4. kl.	Elevar som kan *respektere alle vaksne og medelevar *helsar om morgonen og ved skuleslutt *respekterer klassereglane *følgjer dei beskjedane som dei vaksne gjer i klasserommet og uteområdet *rettar seg etter sjåførane sine beskjedar på bussen	*Vere gode føredøme: -syne respekt for andre elevar, foreldre og kollegar og andre vaksne i omtale og handlemåte -helse vennleg på alle -følgje dei normene for klasseleiing som skulen har bestemt	*Følgje klassereglane og rutinane for oppstilling og helsing på byrjinga og slutten av dagen *respektere når andre seier NEI
5.-7. kl.	Som over, i tillegg: *respektere at for å vere rettferdig, må dei vaksne ofte behandle elevar ulikt	*Som over	*Som over
8.-10. kl.	*Som over	*Som over	*Som over *Syne respekt for yngre elevar

## 1.5. Faste fellestiltak gjennom året som er med på å støtte opp om trivsel og sosial kompetanse: (Årshjul)

- 1. skuledag i august: Felles start i gymnastikksalen med enkelt program.
- Miljøpatrulje (Elevar frå 7. – 10. klasse)
- Midttime-aktivitetar
- Morgonsamlingar/adventssamlingar
- Sunn Mat
- Ei større sceneoppsetting for foreldre og bygdefolk . Går på omgang mellom hovudstega
- Juleverkstad
- Juleavslutning
- Fredags-kafè
- Fjelltur/skidag
- Sommarfest

## **DEL C. HANDLINGPLAN FOR Å AVDEKKE OG HANDTERE MOBBING**

### **Definisjon av mobbing**

**Mobbing** er når ein person over tid vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar og når han/ho kjenner seg makteslaus og ikkje kan forsvare seg mot angrepa. Det er ein føresetnad at det er eit ujamt styrkeforhold mellom offeret og den som plagar.

**Ertning** er ei form for ein kortvarig samvers- og kommunikasjonsmåte mellom likeverdige partar.

**Plaging** kan vere både fysisk og verbal, t.d. når nokon stadig vert utsett for fysisk berøring av eitt eller anna slag som vedkomande ikkje ynskjer.

**Krenking** kan også vere både fysisk og verbal. Fysisk krenking er når nokon bryt dine personlege grenser i høve til kroppskontakt, verbal krenking er når du blir såra av noko som vert sagt til deg eller om deg eller om nokon i familien din.

Krenking kan også vere å verte avvist eller ekskludert frå ei gruppe der du i utgangspunktet har ei naturleg tilknyting.

Når ein person vert utsett for erting, plaging eller krenking over tid, går det over til å bli mobbing. Krenking kan også som einskildhandling vere alvorleg og krevje spesielle tiltak.

### **Døme på uakseptable handlemåtar**

- Elevar som gjentekne gonger vert erta, kalla for stygge ting, gitt nedsetjande kallenamn, håna, audmjuka, skremt, trua, hersa med eller gitt ordrar frå andre.
- Elevar som blir ledd av på ein uvennleg og hånande måte
- Elevar som vert bevisst utesett frå fellesskapet
- Elevar som vert erta ved at andre snakkar stygt om foreldre eller andre familiemedlemmer
- Elevar som opplever at personlege eignedelar vert tatt, gøynt eller øydelagt
- Kommentarar på sosiale medier

### **Døme på skjult mobbing:**

- Det vert sendt augekast, laga grimasar eller bevegelsar
- Baksnakking
- Eleven får ingen invitasjon til å delta verken i leik eller idrett
- Ingen snakkar med eleven, eleven vert systematisk oversett

## Avdekking av mobbing

Kva	Korleis	Ansvar
<b>Kjenneteikn på at ein elev kan vere utsett for mobbing eller plaging</b>	<p><b>Eleven kan</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ha hovudverk før/etter skuletid</li> <li>• ha vondt i magen</li> <li>• ha nedsett matlyst</li> <li>• seie at han/ho ikkje vil gå på skulen</li> <li>• vere i skiftande humør</li> <li>• ha dårlig sjølvbilde</li> <li>• verka trist og ulykkeleg</li> <li>• vegre seg for å gå ut/ vil helst vere inne</li> <li>• gå åleine i skulegarden</li> <li>• tek ikkje med seg venner heim og er sjeldan heime hjå andre skulekameratar</li> <li>• kome heim med øydelagde kle eller bøker</li> <li>• ha nedgang i skuleprestasjonar</li> <li>• ha konsentrasjonsvanskar</li> <li>• gå omvegar for ikkje å treffe på bestemte personar</li> <li>• søkje meir vaksenkontakt enn normalt</li> <li>• vegre seg mot å reise med skulebuss eller drosje</li> <li>• byrje med sengevæting</li> <li>• synge endring i åferd</li> <li>• sjølv byrje å plage andre</li> </ul>	<p>-Personalet på skulen -Føresette</p>
<b>Vakt og tilsyn</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dagar der alle elevane er på skulen, skal det vere 3 vakter ute med kvar sine definerte tilsynsområde</li> <li>• I tillegg er det assistent(ar) som har tilsyn med einskildelever/grupper</li> <li>• Vaktene skal ha gule vestar</li> <li>• Det skal alltid vere vakt som har tilsyn i/ ved garderobane når desse er i bruk</li> </ul>	<p><b>Inspektør</b></p> <p><b>Gymlærar</b></p>
<b>Informasjons-innhenting / mobbing som sentralt tema i ulike fora</b>	<p><b>Kontaktlærar tek opp temaet mobbing, erting og plaging som eit fast innslag</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• i elevsamtaalar</li> <li>• i utviklingssamtaalar</li> <li>• i klassesamtaalar</li> <li>• i klasselærarmøte 2 g. pr. halvår</li> </ul> <p><b>Teama tek opp elevmiljøet på hovudsteget</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 1 g. pr. mnd</li> <li>• ved mistanke om mobbing</li> </ul> <p><b>Rektor:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Etterspør resultat frå elev- og foreldresamtalar som kontaktlærar gjennomfører</li> <li>• Tek opp elev- og læringsmiljø som tema på FAU-møte og i skolemiljøutvalet</li> <li>• Har samtale med buss-sjåførane min. ein g. pr. halvår</li> </ul> <p><b>Zero-postkasse:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevar kan skrive meldingar om uønskte hendingar og legge i postkassen.</li> <li>• Zero-kontakt sjakkar postkassen og informerer lærar/rektor om saka</li> </ul>	<p><b>Kontaktlærar</b> <b>Foreldrekontakt</b> <b>Foreldre/føresette</b></p> <p><b>Teamleiar</b></p> <p><b>Rektor</b></p> <p><b>Zero-kontakt</b></p>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Heim og skule må registrere og gi melding om negativ åferd mot einskildevar også på skulevegen.</li> <li>• Alle vaksne i skulesamfunnet og dei føresette til elevane har ansvar for å vere merksame på at mobbing kan skje.</li> <li>• Det viktigaste er at ein som voksen grip inn og sørger for at mobbinga stansar</li> <li>• Dersom nokon observerer eller får høyre noko som kan knytast til mobbing, skal ein gi melding til skulen, - anten til kontaktlærar eller rektor</li> <li>• Kontaktlærar / rektor gjer ei vurdering av kva som bør gjerast i høve til den mottekne meldinga</li> </ul>	15

## Tiltak ved mobbing

Kva	Korleis	Ansvar
<b>Samtale med mobbeoffer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eleven får fortelje om situasjonen (NB! Viktig å fokusere på handlinga, ikkje på negativ omtale av mobbar / plagar)</li> <li>• Vere støttande inn mot eleven</li> <li>• Orientere mobbeofferet om kva som skjer vidare, og at dette er det dei vaksne som tek ansvar for</li> <li>• Avtale nytt møte</li> </ul>	<b>Kontaktlærar, ev. med støtte frå rektor/inspektør</b>
<b>Samtale med plagar(ane)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Individuelle samtalar der det er meir enn ein plagar</li> <li>• Læraren gjer klart for eleven at han/ho veit at eleven har tatt del i mobbing, og at dette ikkje er akseptabelt</li> <li>• Plagaren får fortelje om situasjonen. Dersom vedkomande prøver å rettferdiggjere eigne handlingar ved å gjere offeret ansvarleg, t.d. ved å framstille vedkomande som provoserande, eller aggressiv, skal dette ikkje aksepterast eller diskuterast. Gjer det klart at ingen ting rettferdigger mobbing.</li> <li>• Viktig å vise du aksepterer eleven, men ikkje dei uønska handlingane.</li> <li>• Vis at du har tru på eleven</li> <li>• Få eleven til å forplikte seg på positiv åfjerd</li> <li>• Gje ros når eleven ynskjer å gjere opp for seg</li> <li>• Forklar at foreldre vil bli informerte og sei korleis skulen vil følgje opp saka</li> </ul>	<b>Kontaktlærar, ev. med støtte frå rektor/inspektør</b>
<b>Gruppesamtale med plagarar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gruppesamtale må skje umiddelbart etter dei individuelle samtalane</li> <li>• lærar informerer om kva som er kome fram på dei individuelle samtalane</li> <li>• få gruppa til å forplikte seg på positiv åfjerd</li> <li>• orienter om at mobbeoffer er informert</li> <li>• avtale nytt møte</li> <li>• gruppesamtalen held fram heilt til der er semje i gruppa</li> <li>• dersom det ikkje vert semje i gruppa, går ein over til individuelle samtalar att</li> </ul>	<b>Kontaktlærar, ev. med støtte frå rektor/inspektør</b>
<b>Samtalar med føresette</b>	<p>Dersom ein avdekkjer mobbing og set i verk problemløsingstiltak, skal føresette til både plagar(ar) og offer kallast inn til samtale</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Samtale med føresette til den som er utsett for mobbing/ plaging</li> <li>2. Samtale med føresette til plagar(ane)</li> <li>3. Eventuelle fellesmøte mellom foreldra til dei involverte</li> </ol> <p>Det bør avtalast ein oppfølgingssamtale med dei føresette</p>	<b>Kontaktlærar og skuleleiinga</b>

## Etterarbeid etter ei mobbesak

Kva	Korleis	Ansvar
<b>Einskildvedtak</b>	<p><b>Opplæringslova § 9 a-3:</b> Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak som krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort eit einskildvedtak.</p> <p>Mal som skal nyttast ligg som vedlegg til planen.</p>	<b>Rektor</b>
<b>Oppfølgingssamtalar</b>	<p>Samtale med mobbeoffer om korleis situasjonen har vore etter at skulen greip inn</p> <p>Dersom forholdet mellom mobbar(ar) og offer ser ut til å ha blitt bra: Gruppessamtale med tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilbakeblikk på utgangspunktet</li> <li>• Korleis er situasjonen no?</li> <li>• Kva er det som har fungert bra?</li> <li>• Kva kan me gjere for å halde på den positive utviklinga?</li> <li>• Avtale nytt møte etter 3-4 veker</li> </ul>	<b>Kontaktlærar/ skuleleiinga</b>
<b>Lukking av einskildvedtak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Møte med foreldra som har bedt om tiltak</li> <li>• Gå gjennom situasjonen slik han er no</li> <li>• Bruke mal frå U.dir. ved lukking av saka</li> </ul>	<b>Rektor</b>
<b>Ved vedvarande mobbing / konflikt</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forlenging av tiltak /ev. nye</li> <li>• Søkje tverr-etatleg hjelpe: PPT, helsesøster, BUP</li> </ul>	<b>Rektor</b>

## **Del D: ORDENSREGLAR**

### **FORSKRIFT OM ORDENSREGLAR FOR SKULANE I MASFJORDEN**

#### **A Innleiing**

1 Forskrift om ordensreglar for skulane i Masfjorden er fastsett av rådmannen med heimel i Opplæringslova §2-9.

2 Kvar skule kan i tillegg til desse felles reglane ha nokre andre reglar som gjeld for den skulen. Sandnes skule har eigne reglar under punkt B 12 og B 13.

3 Ordensreglane skal vera med på å utvikla sosiale eigenskapar og bygga positive relasjonar mellom elevane og mellom elevane og dei tilsette. Reglane skal gje elevane trygge rammer i læringsmiljøet.

4 Ordensreglane gjeld i skuletida, i SFO, kulturskule og idrettsskule. Dei gjeld også på skuleturar og på andre tilstellingar i skulen sin regi utanom skuletida.

5 Alle som er tilknytte kvar skule , anten det er tilsette, elevar eller foreldre, har ansvar for å skapa eit godt skolemiljø, og ordensreglane gjeld så langt dei passar for både vaksne og born i møte med skulen. Det er viktigare enn alt anna at me bryr oss om kvarandre, oppfører oss fint mot kvarandre, omtalar kvarandre med respekt og tek avstand frå mobbing og øydelegging/herverk.

6 Ordensreglane skal gjerast kjende for elevar og foreldre kvart år når skuleåret tek til.

7 Elevane vert vurderte i orden og åtferd i høve til i kva grad dei held seg til ordensreglane, jfr. Forskrift til Opplæringslova §3-5.

8 Som elev har du rett til å:

- ha eit godt arbeidsmiljø
- bli høyrd i saker som gjeld ditt eige tilhøve til skulen
- få forklara deg før skulen tek avgjerd om refsingstiltak

Som elev har du plikt til å:

- retta deg etter beskjedar frå lærar eller annan vaksen person på skulen
- ha skulesakene dine i orden og ta godt vare på dei
- ta ansvar for pengar eller andre verdisaker som du har med på skulen
- møta førebudd og i rett tid til undervisning

#### **B Ordensreglar**

1 Me møter presis til timar og avtalar og har med skulebøker, eigna tøy til kroppsøving og anna utstyr som er nødvendig for opplæringa

2 Me helsar på kvarandre ved starten på ein ny dag og ved skifte av faglærar

3 Me er vennlege mot kvarandre og ikkje plagar eller kallar kvarandre

4 Me held arbeidsro i timane og viser respekt for undervisninga

5 Me gjer skulearbeid til avtalt tid

6 Me har med skriftleg melding etter fråvere og når me ikkje har fått gjort heimearbeid til rett tid.

7 Me tek godt vare på alt som høyrer skulen til, både ute og inne. Dette gjeld òg skulebøker og anna undervisningsmateriell.

8 Me held orden i skulesakene våre og på klasseromma.

9 Me tek godt vare på personlege ting og har ikkje verdisaker med oss på skulen

10 Me held oss på skulen sitt område i skuletida dersom ikkje anna løyve er gitt

11 Me hengjer ytterkleda og caps/lue opp i gangen før me går inn i klasserommet og tek av utesko før me går inn i skofrie rom.

12 Snop og brus brukar me berre ved spesielle høve.

13 Me kan ikkje bruka elektronisk utstyr i skuletida utan særskilt løyve frå lærar. Mobiltelefonar er slått av mellom kl 0810 og 1345.

14 På skulen er det ikkje lov til å fotografera og/eller filma utan særskilt løyve frå lærar.

15 Me rettar oss etter skulen sitt datareglement

16 Me bruker bosskorgene og held skuleområdet reint og ryddig

17 Banning, slåssing og å uroa andre sin leik er å visa manglande respekt for og omsyn til andre og er ikkje lov.

18 Hærverk, vald, mobbing, rasistiske utsegner og handlingar og all form for krenking og trakassering er forbode

19 Bruk av tobakk, snus, alkohol eller andre rusmiddel er forbode

20 Det er forbode å ha med seg eller bruka våpen og farlege gjenstandar

21 Det er forbode å kasta snøball eller driva med annan farleg leik

22 Me brukar ikkje sykkel, rullebrett, rulleskøyter o.l. på skulen sitt område i skuletida utan etter løyve frå lærar

## C Tiltak ved regelbrot

Ved regelbrot kan eit eller fleire av følgjande tiltak setjast i verk

1 Samtale med kontaktlærar, rådgjevar, inspektør eller rektor

2 Munnleg eller skriftleg åtvaring frå kontaktlærar

3 Munnleg eller skriftleg åtvaring frå rektor/inspektør

4 Ved grove eller gjentekne brot tek skulen kontakt med føresette. Skulen avgjer om eleven sjølv skal ringja heim

5 I einskilde tilfelle, t.d. slåssing, kan elev(ar) bli fjerna frå situasjonen, om nødvendig med fysisk inngrep

6 Pålegg om oppgåver for å retta opp skade ein har påført skulen sin eigedom eller utstyr

7 Inndraging av gjenstandar/utstyr. Heimen blir varsla. Inndregen mobil vert utlevert ved skuleslutt. Ulovlege gjenstandar og rusmiddel vert leverte til politiet.

8 Ved einskilde regelbrot kan det vera aktuelt at elev(ar) ikkje får gå ut i friminutt og/eller ikkje får vera på bestemte område ute.

9 Bortvising frå undervisning i einskildtimar/resten av dagen

10 I alvorlege tilfelle kan rektor visa bort ein elev frå skulen inntil tre dagar på ungdomssteget, jfr. Opplæringslova §2-10.

11 Straffbare tilhøve blir melde til politiet.

12 Eleven/dei føresette kan verta gjort økonomisk ansvarlege for skadeverk, jfr. Lov om skadeserstatning §§1-1 og 1-2.

13 Ordens- og/eller åtferdskarakter kan bli sett ned på ungdomssteget, jfr. Forskrift til Opplæringslova §3-5, 2. og 3. ledd.

#### **D Sakshandsamingsreglar ved regelbrot**

Alle reaksjonar på uønskt åtferd skal følgja Opplæringslova §2-9. «Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerd». (§ 2-9, 4. ledd)

Den som ser at andre ikkje har det bra eller vert plaga, seier frå om dette til kontaktlærar eller den som har inspeksjon.

Rektor avgjer om ei sak skal meldast til politiet.

Bortvising frå undervisning er enkeltvedtak og skal handsamast etter reglane i Forvaltningslova kap. IV og V og Opplæringslova §2-10 andre ledd der det heiter: «Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinn 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.»

Også foreldre til elevar på ungdomssteget blir varsla før de vert gjort vedtak om bortvising etter reglane i Forvaltningslova §16.